

Fra: Synnøve Bakke[Synnove.Bakke@tysnes.kommune.no]
Mottatt: 25.08.2026 09:12:47
Til: Frid Kristiansen[Frid.Kristiansen@tysnes.kommune.no]
Kopi: Aud Gunn Løklingholm[Aud.Gunn.Loklingholm@tysnes.kommune.no];
Tittel: VS: Forslag til nye miljøkrav kan sette kommunens tilrettelagte jobber i fare

RS-sak til formannskapet 8. september

Fra: Consultation <Consultation@nordicecolabel.org>
Sendt: mandag 3. august 2026 10:40
Til: Synnøve Bakke <Synnove.Bakke@tysnes.kommune.no>
Kopi: Martha Nygård Lande <martha@tias.no>; Aud Gunn Løklingholm
<Aud.Gunn.Loklingholm@tysnes.kommune.no>
Emne: SV: Forslag til nye miljøkrav kan sette kommunens tilrettelagte jobber i fare

Hei Synnøve

Takk for innspill!

Vennlig hilsen

Arne Godal
Miljørådgiver



Miljømerking
Henrik Ibsens gate 20
0255 Oslo
Mobil (+47) 97 18 48 09
www.svanemerket.no

Følg oss [Facebook](#) | [Instagram](#) | [LinkedIn](#) | [Nyhetsbrev](#)

Fra: Synnøve Bakke <Synnove.Bakke@tysnes.kommune.no>
Sendt: torsdag 9. juli 2026 10:43
Til: Arne Godal <ag@svanemerket.no>
Kopi: Martha Nygård Lande <martha@tias.no>; Aud Gunn Løklingholm
<Aud.Gunn.Loklingholm@tysnes.kommune.no>
Emne: Forslag til nye miljøkrav kan sette kommunens tilrettelagte jobber i fare

Hei,

Eg forsøkte å leggje inn denne høyringsuttalen i skjema på sida dykkar, men feltet var ikkje langt nok.

Eg sender den derfor her i sin heilskap.

Med venleg helsing,

Synnøve Bakke

Ordførar

Tysnes kommune

Tlf. 977 48 005



Tysnes kommune
Uggdalsvegen 301
5685 Uggdal
Tlf: 53 43 70 00
www.tysnes.kommune.no

Ver merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse

- all dialog på e-post kan bli journalført.

Høyringsuttale frå Tysnes kommune – nye kriterium for Svanemerking av tekstilservice

Tysnes kommune ber om at dei nye kriteria for Svanemerking av tekstilservice vert presiserte slik at dei ikkje vert eit hinder for små distriktsvaskeri, arbeidsinkluderingsbedrifter og kommunar som ønskjer å bruke eigne innkjøp til sosial berekraft.

Tysnes kommune uttalar seg både som kommune, offentlig innkjøpar og største eigar av Tysnes Industri AS. Kommunen støttar strengare miljøkrav, men krava må måle samla miljøeffekt og ikkje svekkje kommunen sitt handlingsrom til å vektleggje arbeidsinkludering, korte transportavstandar, lokal leveringssikkerheit og bruk av reserverte kontraktar.

Tysnes kommune er ein distriktskommune med om lag 3000 innbyggjarar, og er dermed omfatta av høyringsforslaget sin definisjon av «remote areas» i Noreg. Kommunen støttar at det vert opna for justerte grenseverdiar for vaskeri i slike område utan tunnelvaskar. Dette er viktig og nødvendig.

Samtidig må justeringane vere praktisk oppnåelege. Dersom krava i praksis framleis er best tilpassa store industrivaskeri med tunnelvaskar, store volum og høg investeringskapasitet, kan små lokale vaskeri og arbeidsinkluderingsbedrifter likevel bli svekte i konkurransen.

Tysnes kommune er største eigar av Tysnes Industri AS. Bedrifta er ein viktig lokal arbeidsgivar og inkluderingsarena, med 12 plassar for varig tilrettelagt arbeid, 14 personar fast tilsette på desse plassane og 6 ordinært tilsette. Til saman har 20 personar fast arbeid i bedrifta. I ein liten kommune er dette arbeidsplassar av stor betydning.

Vaskeriet er den største avdelinga i Tysnes Industri AS. Det leverer mellom anna vaskeritenester til helse- og omsorgstenestene i Tysnes kommune, restaurantar, overnattingsverksemder og private kundar. Vaskeriet har ikkje tunnelvaskar, men seks ordinære industrivaskemaskiner med ulik kapasitet. Det nyttar miljøvenlege vaskekjemikaliar med EU Ecolabel, og tøyet som vert leigd ut til helse- og omsorgstenestene, er også i tråd med EU sine krav.

Høyringsforslaget inneber skjerpa krav til mellom anna klimagassutslepp, vassforbruk, kjemikaliar, reparasjon og vedlikehald, tekstilavfall og ruteoptimalisering. Tysnes kommune støttar desse miljømåla, men meiner at dei må vurderast opp mot ulike driftsmodellar. Mindre vaskeri utan tunnelvaskar har andre tekniske føresetnader enn store industrivaskeri, og må ikkje kome dårlegare ut berre fordi produksjonsmodellen er annleis.

Transport må vere ein del av den samla miljøvurderinga. Tysnes Industri AS har om lag 1,6 kilometer éin veg til omsorgssenter, heimesjukepleie og legekontor der tøy vert henta og levert. Korteiste tenester kan gi lågare samla klimaavtrykk enn sentraliserte løysingar med lengre transport.

Tysnes kommune støttar krav om meir miljøvenlege køyretøy, men for små arbeidsinkluderingsbedrifter må større investeringar kunne skje gradvis. Tysnes Industri AS har allereie teke i bruk el-varebil, men kan ikkje nødvendigvis byte ut bilpark og teknisk utstyr på kort tid.

Tysnes kommune har innført bruk av reserveerte kontraktar som verkemiddel for arbeidsinkludering. Kommunen skal ved anskaffingar alltid vurdere reservering av kontrakt for verksemdar som integrerer funksjonshemma eller vanskelegstilte personar i arbeidslivet, og vurderinga skal gjerast skriftleg i anskaffingsprotokollen.

For kommunen er dette eit medvite grep for å bruke offentlege innkjøp til sosial berekraft, lokal verdiskaping og arbeidsinkludering. Men for at reserveerte kontraktar skal vere eit reelt verkemiddel, må ikkje miljøkriteria utformast slik at arbeidsinkluderingsbedrifter i praksis vert diskvalifiserte frå konkurransar.

Det er difor viktig at eksterne miljøkrav og merkeordningar ikkje vert utforma slik at dei hindrar kommunen i å bruke det handlingsrommet kommunen har som innkjøpar. Svanemerket er ei viktig og anerkjend miljømerking, men kriteria må ikkje føre til at små distriktsvaskeri og arbeidsinkluderingsbedrifter vert svekte i konkurransen, sjølv der kommunen ønskjer å vektleggje sosial berekraft, korte transportavstandar og lokal leveringssikkerheit.

Tysnes kommune meiner også at kriteria og framtidig innkjøpspraksis bør opne for fleire former for dokumentert miljøarbeid. Svanemerket gjeld sjølve tenesta, medan Miljøfyrtårn og tilsvarande sertifiseringar dokumenterer verksemda sitt systematiske klima- og miljøarbeid. For små arbeidsinkluderingsbedrifter kan slik miljøleingssertifisering vere viktig dokumentasjon på seriøst og systematisk miljøarbeid, sjølv om bedrifta ikkje nødvendigvis oppfyller alle detaljerte krav til Svanemerking av sjølve tekstilservice-tenesta.

Tysnes kommune ber difor om at Svanemerket presiserer kriteria slik at:

- justeringane for «remote areas» utan tunnelvaskar vert vidareførte og praktisk oppnålege
- vaskeri utan tunnelvaskar vert vurderte etter realistiske og teknologinøytrale krav
- transportavstand og samla klimaeffekt vert vektlagd
- små og mellomstore vaskeri får realistiske omstillingskrav
- arbeidsinkluderingsbedrifter ikkje vert svekte i konkurransen
- kommunar framleis kan bruke reserveerte kontraktar som eit reelt verkemiddel for arbeidsinkludering
- dokumentert miljøarbeid gjennom Miljøfyrtårn eller tilsvarande miljøleingssystem kan telje positivt der det er relevant
- lokale leverandørar med korte transportavstandar og god leveringssikkerheit framleis kan konkurrere på like vilkår

Tysnes kommune meiner at Svanemerking av tekstilservice må bidra til grøn omstilling utan å svekkje små, lokale og arbeidsinkluderande verksemdar. Miljøkrav og sosial berekraft må trekkje i same retning.

For Tysnes kommune er Tysnes Industri AS både ein viktig leverandør, ein lokal arbeidsplass og ein inkluderingsarena. Kommunen ønskjer å kunne bruke eigne innkjøp aktivt for å støtte arbeidsinkludering, lokale arbeidsplassar, lokal beredskap og miljømessig gode tenester.

Tysnes kommune ber difor om at forslaget vert endra og presisert slik at Svanemerking av tekstilservice måler samla miljøeffekt, og ikkje utilsikta favoriserer store industrivaskeri på kostnad av små, lokale og arbeidsinkluderande verksemdar.